

Lysande fyr

Ser vest i havet frå fanget te mor
Sit der og drøyme, kor han skal dra når han vert stor
Han vil ut å sjå, kor sola går ned
Bortafor fyret, der verda tek te
Lysande fyr gjer leia så trygg
Mot havet du står på ytste nakne rygg

Han vekse te, med sjø'n trivs han best
Ute på havet, i godver og i vestablest
Når sjøen er grov, Tek tak i det som e
Fyret det lyse, han kjem seg i le
Lysande fyr gjer leia så trygg
Mot havet du står på ytste nakne rygg

Han reise ut i verda så stor
Lengte så heimatt, og savne dei der langt mot nord
Han ser framom baugen, der stige land frå hav
Fyr, fjord og fjell av kjæraste slag
Lysande fyr gjer leia så trygg
Mot havet du står på ytste nakne rygg

Livet er levt, Det går fort for-bi
Ute med havet, fyret står te evig tid
Som ung vil han ut, der sola går ned
Den gamle vil heim, han kjem seg i le
Lysande fyr i sludd og skodde-eim
Og kuling frå nord - Det godt å koma heim